

Noregs vassdrags- og energidirektorat
v/ Brit Torill Haugen
Postboks 5091, Majorstua
0301 Oslo

Odda/ Bergen, 16.05.2018

Innspel til søknad om løyve til Opedal Ljosverk i Lofthus, Ullensvang herad

Vi viser til brev frå NVE, datert 4. april 2018, om konsesjonssøknad frå Opedal Ljosverk i Lofthus, Ullensvang herad (NVE saksnummer 201708661).

Opedal Ljosverk søker om å få etablera eit kraftverk med installert effekt 0,99 MW, som er estimert til å gje ein årleg produksjon på 5,5 GWh. Søknaden gjeld i nedre del av vassdraget Opo i Lofthus (også kjent som Opsjå eller Opesjo). Inntaket er planlagt på kote 187, og kraftstasjonen vil verta plassert på kote 113. Røyrkata til kraftverket vil verta plassert i ei grøft på 820 m. Utbygging vil føre til redusert vassføring over ein strekning på 846 m i Opo. Det er planlagt eit minstevassføringsregime på 1400 l/s i perioden 1.5-30.9, og 140 l/s i perioden 1.10-30.4. Utbygginga vil føra til ei redusert vassføring på 846 m i Opo.

Vassdragsvernet

Opsjå (vassdragsnr. 049.4Z) vart varig verna i samband med Stortinget sitt vedtak 6. april 1973 (også kjent som Verneplan for vassdrag I). I samband med Stortinget si handsaming av St. prp. nr. 75 (2003-2004) «Supplering av Verneplan for vassdrag» vart det i 2005 vedtatt at det kan opnast for konsesjonshandsaming av kraftverk med installert effekt opp til 1 MW i verna vassdrag.¹ Stortinget sitt vedtak gjev ikkje ein rett eller ein garanti for å få konsesjon på etablering av kraftverk med installert effekt opp til 1 MW i verna vassdrag, men er berre eit vedtak om at konsesjonssøknader som oppfyller desse vilkåra kan vurderast. Framleis må prosjektet vurderast i høve verneverdiane i vassdraget, og eventuelle verknader for allmenne interesser, jf. Innst. S. nr. 116 (2004-2005).² Vedtaket til Stortinget i 2005 må vurderast i ein historisk samanheng. Samla plan vart avvikla «i sin nåværende form» i samband med Stortinget si handsaming av energimeldinga i 2016.³ Olje- og energidepartementet viste i St. prp. nr. 75 (2003-2004), s. 18, til at vasskraftprosjekt med «installert effekt opp til 1 MW, eller med en årsproduksjon på inntil 5 GWh» (vår

understreking), ikkje var omfatta av kravet om handsaming i Samla plan. Det vart også vist til at mikro-, mini- og småkraftverk ikkje er kategoriar som følgjer av vassressurslova, men at dette er ei inndeling som er avleidd av kva type vasskraftprosjekt som vart dekkja av Samla plan eller ikkje: «*I ulike andre sammenhenger som for eksempel Samlet plan er det imidlertid et skille mellom mikro-/minikraftverk (<1 MW) på den ene siden og (små)kraftverk på den andre (1 MW til 10 MW)*». Grensa for Samla planbehandling var 1 MW installert effekt.

Sentralt for Olje- og energidepartementet sitt forslag om å opna opp for at vasskraftprosjekt med inntil 1 MW installert effekt var at: «*det er gode grunner til å likestille mikro- og minikraftverk med andre typer tiltak som kan få konsesjon i vernede vassdrag, som for eksempel vannuttak til settefiskanlegg*» (vår understreking). Bakgrunnen for dette er også å finna i argumentasjonen til Olje- og energidepartementet sin strategi 2003 for «økt etablering av små vannkraftverk» - som er ein utgått strategi - der det vert sagt «*Likevel finnes det prosjekter som medfører så små virkninger i det vernede vassdraget at det ikke utløser konsesjonsplikt*». ⁴ Type vasskraftprosjekt det var/ er tenkt på må difor ikkje ha nemneverdig verknad på verneverdiane i vassdraget, og difor er det relevant å visa til Innst. S. nr. 116 (2004-2005) der eit fleirtal i energi- og miljøkomiteen uttalte som føresetnad for 2005-vedtaket: «*en forutsetning for å gi konsesjon er at verneverdiene uansett ikke svekkes*». Vedtaket er gjort i 2005, og sidan den gong har det føregått ei utvikling i det miljørettslege regelverket og Stortinget har handsama ei ny melding om naturmangfald i 2016. I naturmangfaldmeldinga er vassdragsvernet særskilt omtalt, og har relevans for vurderinga av konsesjonssøknaden i Opsjø. Eit fleirtal i energi- og miljøkomiteen, Innst. 294 S (2015-2016), uttalte at dei «*vil understreke at vassdragene i verneplanen er gitt varig vern, og at det ikke bør åpnes for konsesjonsbehandling av prosjekter som er tilknyttet verna vassdrag*».

Verneplanen for vassdrag og verneverdiane

I drøftinga av verneverdiane i vassdraget vil vi innleiingsvis visa til at eit inngrepsfritt vassdrag i seg sjølv utgjer ein sjølvstendig verdi. ⁵ Naturtypen «elveløp» er etter Nasjonal rødliste for naturtypar 2011 plassert i kategorien NT (Nært truet). ⁶ Føremålet med Verneplanen for vassdrag er å ivareta eit representativt utsnitt av Noregs vassdragsnatur. Det er eit nasjonalt miljømål at «*Eit representativt utval av norsk natur skal takast vare på for kommande generasjonar*». ⁷ Kriteria for vurdering av verneverdiar i vassdraget kan delast inn i fire hovudkategoriar: 1. Naturfaglege verdiar, 2. Kulturminneverdiar, 3. Landskapsverdiar og 4. Verdien for friluftslivet.


- **Varig vern frå fjell til fjord:** I konsesjonssøknaden frå Opedal Ljosverk, s. 29, vert det skrive «*Vernet gjelder øvre delen av vassdraget med flotte fosser og urørt natur*». Opsjø inngår i det som er omtala som objekt nr. 41 «Hardangervidda» i Verneplan I. Dette må ikkje forståast slik at vernet er avgrensa til å gjelda platået på Hardangervidda, eller at vernet er avgrensa til å gjelda øvre del av vassdraget. Urørt natur gjeld også ein vassstreng med færrest moglege naturinngrep i verneplan samanheng. NOU 1983:45 «Friluftsliv og vassdragsvern» viser til at «Urørthet» gjeld: «*Muligheten for naturopplevelse øker dersom det ikke er foretatt tekniske inngrep, og dermed øker også verdien av vassdragsområdet*». Dette tilseier at ein bør halda talet og omfanget av

tekniske inngrep i verna vassdrag så få som råd – grunna omsynet til å hegna om verneverdien til vassdraget. Tiltaket det er søkt om ligg i hovudlaupet til vassdraget, nærare bestemt i Elvadalen. Vassdragsvernet gjeld i Opsjå for heile nedbørfeltet frå fjell til fjord. Opsjå (vassdragsnr. 049.4Z) inngjekk i planen «Eidfjordverkene Syd» som gjaldt omfattande reguleringar av fleire vatn på Hardangervidda. Viktige omsyn var ikkje berre reguleringane åleine, men tørrlegging av elvene som gjekk frå fjell til fjord. I boka «Hardangervidda – naturvern kraftutbygging» (Olav R. Skage (red.) 1971, Universitetsforlaget) vert det skrive om verknadene av planen «Eidfjordverkene Syd»: «Landskapstypen blir forholdsvis hardt berørt av utbyggingstiltakene. Opo-vassdraget vil ved utløpet til fjorden ved Lofthus ha fått vannføringen redusert til ca. 20 pst. av det den er nå». Hardangervidda var sentral bak vernevedtaket, men også å ivareta variasjonsbredde av ulike landskapstypar og eit urørt vassdrag frå fjell til fjord. Ein reduksjon av den naturlege vassføringa i Elvadalen vil vera eit teknisk inngrep som berører verneverdien i vassdraget, og vil medføra bortfall av inntrykket av eit urørt vassdrag, jf. Vannressursloven § 35.

- **Eit større område med verna vassdrag:** Samanheng og systematikk i Verneplanen for vassdrag er eit viktig moment i høve Opsjå. NVE skriv følgjande om vernegrunnlaget: «*De fem vernede vassdragene Opo, Kinso, Bjotveitelvi, Erdalsvassdraget og Veig utgjør en helhet ved at de samlet utfyller Hardangervidda nasjonalpark ned til fjorden mot vest og nord*». ⁸ Ein sentral del av føresetnaden for å inkludere objekt nr. 75, Opo m/ Låtefoss, i Verneplan I var samahangen med objekt nr. 41 Hardangervidda. I Innst. S. nr. 207 (1972-73) vart det uttalt: «*Komiteén ser det slik at det vil vera rett å få ei betre avklaring for ein del av vassdraga alt no, og går inn for varig vern av vassdraga Kinso og Opsjå. Dette må då sjåast i samanheng med komiteén sitt framlegg om varig vern av objekt nr. 75, Opo m/Låtefoss. Ein vil her få eit stort samanhengande område som er verna mot kraftutbygging. Komiteén meiner difor at vassdraga Kinso og Opsjå i objekt nr. 41, Hardangervidda, bør vernast varig*» (vår understreking).
- **Føremål og val av verneobjekt i Verneplan I:** Dei generelle kriteria for val av vassdrag til Verneplan for vassdrag har relevans i konsesjonsvurderinga av søknaden til Opedal Ljosverk. Opsjå høyrer til Verneplan I. På starten av 1970-talet hasta det med å få i stand ein landsplan for verna vassdrag, som kunne vera ein langsiktig plan for å ta vare på eit utval av vassdrag som skulle vera varig fri for ny vasskraftregulering. ⁹ Fleire av dei større vassdraga som var innstilt for vern vart tatt ut av den endelege Verneplan I, som til dømes Stølsheimen (objekt nr. 84). Ei viktig grunngeving for å få i stand Verneplanen for vassdrag var at konsesjonslovgjevinga ikkje var tilstrekkeleg utforma for å ivareta dei langsiktige og heilskaplege vurderingane i høve verneinteressene. Omsynet til dette momentet har relevans i høve vurderinga av samla belastning i Hardangerregionen, jf. Vannressursloven § 25. Eit anna moment er å sikra representativiteten i verneplanen og vassdrag av denne typen i Hardangerfjordregionen. Eit tredje moment er føremålet med å ta med objekt nr. 41 i Verneplanen for vassdrag, som var å sikra vassdragsstrengen urørt frå fjell til fjord. Føremålet må kunne tolkast som ein verneverdi i seg sjølv, jf. vilkåret om at konsesjonsmyndighetene skal legge «*vesentlig vekt på hensynet til verneverdiene*», Vannressursloven § 35.
- **Landskap:** Konsulentutgreiinga byggjer på «*Nasjonalt referansesystem for landskap - beskrivelse av Norges 45 landskapsregioner*» av O. Puschman (2005). Aurland Naturverkstad har utarbeidd ei regional kartlegging og verdisetjing av landskap i Hordaland på oppdrag frå Hordaland fylkeskommune. Elvadalen høyrer til landskapsområdet «*Sørfjorden*», og er gjeve «*Stor verdi*» som landskap. ¹⁰ I vedlegg II til rikspolitiske retningslinjer for vernede vassdrag vert det skrive om i Verneplan I: «*I verneplan I ble det spesielt lagt vekt på å sikre vassdrag med store landskaps- og*

*friluftslivsverdier, men også verdien for vilt, fisk og naturvern ble tatt med i vurderingen».*¹¹

Elvadalen er ein karakteristisk landskapsform i Opsjå, og er representativt for variasjonsbreidda i dette verna vassdraget, og er ein del av verneverdien i Opsjå. Inntaksdamkonstruksjonen, fråføring av vatn langs 846 meter av elva vil verka inn på landskapsverdien. Vi ber NVE tillegge dette vekt i vurderinga etter Vannressursloven § 35.



Kart 1 Regional kartlegging og verdsetting av landskap i Hordaland. Sør fjorden har «Stor verdi». Kjelde: Hordaland fylkeskommune

- Kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse:** Vi viser også til Riksantikvaren si kartlegging av kulturhistoriske landskap i Hordaland av nasjonal interesse.¹² Dette arbeidet er utført som del av forpliktingane etter Den europeiske landskapskonvensjonen. Konvensjonen er i utgangspunktet ikkje eit rettsleg hinder for naturinngrep, men gjev råd for forvaltning og ivaretaking av det kulturhistoriske landskapet og vurderinga av nye inngrep. Ytre del av Sør fjorden er éin av ni områder i Hordaland som har status som kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse. I rådet for forvaltninga av det kulturhistoriske landskapet i Lofthus vert det skrive: *«Landskapet er sårbart for store vegstrukturar, kraftliner, store endringar av gardstuna, masseuttak og industri e.l. Framhald av fruktdyrkinga er viktig for å oppretthalde landskapet sin karakter»*. Konsulentutgreiinga viser til at det er registrert ei rekkje kulturminner i Elvadalen og i influensområdet for tiltaket det er søkt om. Elvadalen inneheldt kulturhistoriske verdiar både på nord- og sørsida av elva. Vi viser til at eit viktig moment er å bevare det kulturhistoriske landskapet langs Opsjå er viktig i verneplan samanheng. Regulering av vasstrengen og damkonstruksjonen vil vera ein vesentleg reduksjon av dei kulturhistoriske verdiane i Elvadalen, og vil vera i motstrid til vassdragsvernet.

I Olje- og energidepartementet sin rettleiar for små vannkraftverk (2007) vert det vist til den europeiske landskapskonvensjonen og forpliktingane Noreg har etter denne. I landskapsvurderinga i enkeltsaksbehandling vert det mellom anna vist til at: *«Inngrep som medfører bortfall eller vesentlig reduksjon av verdifulle landskapselementer av nasjonal, regional eller lokal betydning bør unngås»*. Verneplanen for vassdrag er i seg sjølv også ei nasjonal interesse.




Kart 2 Ytre Sørforfjorden har status som kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse. Kjelde: Riksantikvaren/ Hordaland fylkeskommune

- Friluftsliv:** Det er friluftslivs- og reiselivsinteresser i influensområdet til det planlagte prosjektet. Turstien i Elvadalen er ei mykje brukt og populær rundløype. I Elvadalen, ved brua, er det eit flott landskapsinnsyn mot fossane Bjødnabykset og Skrikjø. I konsesjonssøknaden frå Opedal Ljosverk vert det skrivne, s. 29: «*Kraftstasjonen er et nytt inngrep, men den er ikke synlig fra veier og oppleves ikke som et fremmedelement i naturen siden området er påvirket med betongkonstruksjoner i elva i dette området fra før*». Vi vil leggja til at inntaksdam og fråføring av vatn på 846 meter av elva vil vera synlege tekniske inngrep for friluftsliv- og reiselivsinteresser. Eit viktig del av verneverdien er å kunne oppleve ei relativ urørt elv. Dei nye, planlagte tekniske inngrepa vil vera i strid med verneverdiane, og vil vera til ulempe for allmenne interesser. Vi vil også visa til at turen i Elvadalen er lett tilgjengeleg for eit stort tal av ulike brukarar, og at det er ein lett tur som gjev befolkninga tilgang til eit verna vassdrag. Elvadalen er eit godt utgangspunkt for å oppleve grunnlaget for vassdragsvernet og variasjonsbreidda i landskapselementa i Opsjø. Ved brua, der det er planlagt ein inntaksdam, har vi følgjande turskildring: «*Vegen/stien går vidare under bratte berg og noko stigning fram til bru over elva Opo. Her bør ein stoppa og nyta elv og fossar, høge og ville fjell tett innpå, fossedur og lysbrytingar. Dette til saman gjev ei storslått og særeigen naturoppleving som mange vil hugsa*». ¹³

I reiselivssamanhang er turen i Elvadalen («The river valley») tatt med i turistbrosjyra «Hiking Highlights» (2017) og på kartet «Hiking highlights», som tur 33, frå Destination Hardanger Fjord.¹⁴ Turen er merka etter det internasjonale stisystemet, og det vert skrive «Season (average year)s April – October. View of the two large waterfalls Skrikjo and Bjødnabykset. Easy walk on gravel road».

Vi viser til «Nasjonale mål for forvaltning av vernede vassdrag», der det mellom anna heiter: «unngå inngrep som reduserer verdien for landskaps-bilde, naturvern, friluftsliv, vilt, fisk, kulturminner og kulturmiljø».¹⁵




Kart 3 Friluftslivs- og reiselivsinteresser i Elvadalen. Kjelde: Ut.no

- **Samla belastning:** Verneplanen for vassdrag er i seg sjølv eit uttrykk for ei heilskapleg tilnærming til norsk vassdragsnatur, dvs. det er allereie føretatt ei avgjerd om å unnta vassdraget for konsesjonshandsaming og gje eit utval vassdrag varig vern. Det er desse vassdraga vi skal ta vare på for framtidige generasjonar. Vi ber NVE vektleggje at det allereie er føretatt ei totalvurdering i samband med opprettinga av Verneplanen for vassdrag.

Det er avgjerdsmyndigheita som etter lova skal føreta ei vurdering av samla belastning. Ei heilskapleg tilnærming til forvaltning av vassressursar følgjer også av vassforskrifta. Eit anna omsyn ved vurdering av sumverknader er å hindra ei bit-for-bit utbygging utan ein overordna plan. Det er naturleg at energimyndigheitene tek omsyn til tiltak som er utført som del av energiplanlegginga langs Sør fjorden. Det vil for nokre vurderingselement vera for innskrenkande å tolka bestemminga slik at berre sektorinngrep som er under ansvarsområdet til energimyndigheitene er relevante i vurderinga - td. slik at inngrep under annan sektormyndigheit

skulle vera irrelevant for vurderinga etter naturmangfaldlova § 10. Likevel må det føreliggje ein sakleg relevans, slik at inngrepa som inngår i vurderinga kumulativt påverkar akvatiske økosystem i Hardangerfjordregionen. Grunnlova § 112 gjev nettopp uttrykk for at ein skal sjå ulike sektorar sin påverknad i eit samla lys, og difor er det ikkje urimeleg å ta omsyn til andre tyngre tekniske inngrep – også utover sjølve energiplanlegginga - som påverkar naturlandskapet i Sørfjorden i ei vurdering av sumverknader, jf. «*hensyn som har vesentlig betydning på tvers av forvaltningssektorene*». ¹⁶



Kart 4 Vasskraftutbygging langs Sørfjorden. Kjelde: NVE Atlas

Førearbeida til vassressurslova, Ot. prp. nr. 39 (1998- 1999), legg vekt på i sin merknad til vassressurslova § 25: «*Selv om minstekravet er oppfylt, og tiltaket alene ikke har store skadevirkninger, kan det begrunne et avslag at sumvirkningen av mange slike tiltak som kan*

forventes i fremtiden, til sammen vil ha det». Vi vil også leggje til grunn at førearbeida til naturmangfaldlova også støtter at landskapsmessig mangfold er eit relevant vurderingstema under naturmangfaldlova § 10. Det er også støtte for at påverknad av estetisk karakter er eit relevant vurderingsmoment etter naturmangfaldlova § 10. I Olje- og energidepartementet «Retningslinjer for små vannkraftverk» vert det på s. 15 uttalt: «*Samtidig må en være spesielt oppmerksom på sumvirkninger av flere inngrep og effekten av "bit for bit" utbygging*». Vidare i same rettleiar vert det på s. 32 vist til «*Selv om hvert enkelt utbyggingsprosjekt i mange tilfeller har relativt små eller begrensede negative virkninger for miljø og andre brukerinteresser, så kan de samlede konsekvensene av mange slike prosjekter innen et avgrenset geografisk område, nedbørfelt, region eller fylke få store og utilsiktede konsekvenser*». ¹⁷ Vi viser også til at det no føreligg ein større konsesjonssøknad om vasskraftverk og flaumtunnel i Opovassdraget (objekt nr. 71), som også er del av Verneplanen for vassdrag. Det er allereie gjeve ei omfattande mengd med vasskraftkonsesjonar til vasskraftprosjekt langs Sørfjorden.

Konklusjon: Vi frarår at det vert gjeve løyve til vasskraftprosjektet til Opedal Ljosverk grunna motstrid med verneverdiane i Opsjø (Vassdragsnr. 049.4Z), og ulemper for allmenne interesser.

Med vennleg helsing

Helene Ødven
Daglig leder
Bergen og Hordaland Turlag
(sign.)

Kåre Frøystein
Styreleiar
Odda/ Ullensvang Turlag
(sign.)

Nicolas J. I. Rodriguez
Naturvernansvarlig
Bergen og Hordaland Turlag
(sign.)

Referansar:

¹ Sjø Stortingets vedtak 18.02.2005, Vedtak 240, «Det åpnes for konsesjonsbehandling av kraftverk med installert effekt opp til 1 MW i vassdrag som er vernet etter Verneplan for vassdrag unntatt for Bjerkreimsvassdraget».

² Innst. S. nr. 116 (2004-2005): «Flertallet har merket seg at Olje- og energidepartementet i proposisjonen foreslår å åpne for konsesjonsbehandling av mini- og mikrokraftverk i vernede vassdrag». (...) «Dette flertallet viser til at en konsesjonsbehandling av mikro- og mikrokraftverk vil gi et bedre grunnlag for å vurdere miljøvirkningene av inngrepet og om verneverdiene blir påvirket, fordi tiltaket da blir underlagt mer omfattende behandling enn ved en vurdering av om konsesjonsplikt foreligger. Dette flertallet understreker at en forutsetning for å gi konsesjon er at verneverdiene uansett ikke svekkes».

³ Sjø Innst. 401 S (2015-2016): «Flertallet mener at Samla plan bør avvikles i sin nåværende form og at alle større vannkraftprosjekter, i vassdrag som ikke er vernet, konsesjonsbehandles på ordinær måte med melding, konsekvensutredning og søknad. Flertallet understreker at relevant kunnskap som ble innhentet ved opprettelsen av Samla plan skal tas med videre i fremtidige mulige konsesjonsbehandlinger».

⁴ Sjø «Strategi for økt etablering av små vannkraftverk», Olje- og energidepartementet (2003).
<https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/oed/vedlegg/smakraftverkstrategi.pdf>

⁵ Dette kjem også til uttrykk i dei vurderingane som ligg til grunn for Verneplan I, jf. St. prp. nr. 4 (1972-73): «Vassdragenes egenverdi utelukkende som del av natur og landskap vil således måtte tillegges betydelig vekt i vurderingen. Selv om en hensynsfull økonomisk utnyttelse i mange tilfeller kan forlikkes med de såkalte "ikke-økonomiske interesser, vil det her lett oppstå konfliktsituasjoner» (...) «I denne situasjon er det nødvendig å legge et totalsyn til grunn for den videre utnytting av vassdragene. Dette kan best skje gjennom en landsplan». Ein «landsplan» i dette sitatet viser til Verneplanen for vassdrag.

⁶ Sjø Nasjonal rødliste for naturtyper 2011, Artsdatabanken.
[https://www.artsdatabanken.no/Files/13974/Norsk_r_dliste_for_naturtyper_2011_\(PDF\)](https://www.artsdatabanken.no/Files/13974/Norsk_r_dliste_for_naturtyper_2011_(PDF))

⁷ Sjø omtale av dette nasjonale miljømålet i Prop. 1 S (2017-2018) frå Klima- og miljødepartementet.
<https://www.statsbudsjettet.no/Statsbudsjettet-2018/Dokumenter/Fagdepartementenes-proposisjoner/klima-Miljo/Prop-1-S-/Del-1-Innleiing-/2-Resultatomrade-og-nasjonale-mal-i-klima--og-miljopolitikken-/>

⁸ 049/1 Opo, NVE sin omtale på heimesidene deira: <https://www.nve.no/vann-vassdrag-og-miljo/verneplan-for-vassdrag/hordaland/049-1-opo/>

⁹ St. prp. nr. 4 (1972-73) «Verneplan for vassdrag», s. 28: «Til tross for den vesentlige bedring i behandlingen av konsesjonssaker og gjennomføringen av vassdragsregulering som er skjedd, er departementet enig i at disponeringen av våre gjenværende vannkraftressuers må sees mer under ett og i lys av de allsidige brukerinteresser som knytter seg til vassdragene, og fremfor alt i et langsiktig perspektiv. Departementet er enig i det syn på vassragenes mangesidige verdi som er kommet til uttrykk i kontaktutvalgets rapport og hovedstyrets innstilling. Antallet gjenværende større vassdrag som er uberørt er redusert, samtidig som betydningen av andre burkerinteresser enn energiforsyning øker som følger av den alminnelige heving av levestandarden og den tiltagende konstantasjon i bosettingen. Man tenker da spesielt på de rekreative, naturvernmessige og vintenskapelige interesser».

¹⁰ Sjå rapporten «Verdivurdering av landskap i Hordaland fylke: Med utgangspunkt i Nasjonalt referansesystem for landskap». Aurland Naturverkstad (2011). <https://www.hordaland.no/globalassets/for-hfk/plan-og-planarbeid/diverse-dokument/2011-07-verdivurdering-av-landskap-i-hordaland-fylke.pdf>

¹¹ Sjå Rikspolitisk retningslinje for vernede vassdrag, vedlegg II. Gitt ved kongelig resolusjon av 10. november 1994, jf . plan- og bygningsloven (PBL) av 14. juni 1985 § 17-1, første ledd. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/t-1078-vernede-vassdrag/id425432/>

¹² Sjå rapporten «Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse Hordaland». <https://www.hordaland.no/globalassets/for-hfk/pdf-til-nyheiter-2017-og-2018/kulturhistoriskhordaland.pdf>

¹³ Sjå turskildring «Fottur/ walks Elvadalen, Lofthus»: <http://www.carwalks.com/pdf/SJTUR22K-E000-000529-pd.PDF>

¹⁴ Sjå «Hiking highlights» frå Destination Hardangerfjord: <https://en.hardangerfjord.com/hardangerfjord-hiking-highlights>

Sjå «Elvadalen, Fruktstien and the Monk steps/ Nosi – two easy hikes and one hard hike at Lofthus”: <https://www.hardangerfjord.com/dbimgs/Hardangerfjord/PDF/HARDANGERFJORD%20HIKING%20HIGHLIGHTS/33%2C34%2C35%20ELVADALEN%2C%20FRUKTSTIEN%20AND%20THE%20MONK%20STEPS-NOSI.pdf>

Sjå også «Hiking highlights» frå Destination Hardangerfjord. Brosjyre 2017, s. 35: https://issuu.com/hardangerfjordguide/docs/rhf_turguide2017

¹⁵ Sjå rikspolitisk retningslinje for vernede vassdrag, punkt 3: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/t-1078-vernede-vassdrag/id425432/>

¹⁶ Sjå Rt. 1993, s. 528.

¹⁷ Sjå retningslinjer frå Olje- og energidepartementet (2007): <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/Retningslinjer-for-sma-vannkraftverk/id473169/>